

## Pressemelding NM i motbakkeløp/ Kvasshovden opp/finalen i Norgescupen i Ulvik 15.juli 2017

Motbakkeløpet Kvasshovden opp vart arrangert for 10.gong. I år som NM og finale i Norgescupen. Totalt var det over 180 påmeldt i konkurranseklassane . I mosjonsklassen var det over 220 så totalt var det over 400 opp til topps. I tillegg var det og ein god del som gjekk opp utan å vera med i mosjonsklassen.

Veret var på vår side i år med blå himmel og nesten vindstille på toppen.

Dei aller beste motbakkeløparane var med og tidlegare EM vinnar Johan Bugge, Eidsvåg IL vart NM vinnar i menn- senior og sette ein fantastisk løyperekord på 46.49! Han var nesten 2 min føre NM vinnar i fjor, Stian Angermund-Vik, Varegg Fleridrett ! Nr 3 i NM senior vart Joel Dyrhovden, Samnanger IL. Rekorden til Bugge kan samanliknast med Øyvind Heiberg Sundby, Tjalve i 2013 på 48,18. Øyvind hadde og bestetida i den kortaste løypa på 47,45.

Dameklassen i NM kvinner senior vart vunne av evigunge May Brit Buer, Gular på 57,16 over 1,40 min føre Eli Anne Dvergsdal, Gular! Nr 3 vart Anita Iversen Lilleskare, BFG Bergen Løpeklubb. VM og OL vinnar Tiril Eckhoff gjorde ein svært god innsats i sin deby som motbakkeløpar med 5.beste tid!

I juniorklassen vann Stian Øvergaard Aarvik, Gneist føre Daniel May Instanes, Varegg Fleridrett og Ola Jordheim, Hemsedal.

Jenter junior NM vann Hanna Mjøen Maridal, Lillehammer føre Christina Ellefsen Hopland , Varegg Fleridrett og Mari Faret Aas, Voss IL.

Norgescupen totalt 2017 :

Menn senior- Stian Øvergaard Aarvik, Gneist

Kvinner senior: Eli Anne Dvergsdal, Gular

Menn Junior:Stian Øvergaard Aarvik, Gneist

Kvinner junior: Christina Ellefsen Hopland, Varegg Fleridrett

### Resultat 5 beste kvinner Kvasshovden opp 2017

Plass	Navn	Klubb	Tid
1	May Britt Buer	Gular	57:16
2	Eli Anne Dvergsdal	Gular	58:56
3	Anita Iversen Lilleskare	BFG Bergen løpeklubb	1:01:20
4	Ingrid Festø	Gular	1:01:27
5	Tiril Eckhoff	Fossum IF	1:01:59

### Resultat 5 beste menn Kvasshovden opp 2017

Plass	Navn	Klubb	Tid
1	Johan Bugge	Eidsvåg IL	46:49
2	Stian Angermund-Vik	Varegg Fleridrett	48:47
3	Joel Dyrhovden	Samnanger IL- Safa	49:40
4	Per-Christian Lysaker Torgersrud	Team Sportsmanden	51:01
5	Stian Øvergaard Aarvik	Gneist IL	51:52

Totalt resultatlistar finn ein på [www.kvasshovdenopp.no/resultat](http://www.kvasshovdenopp.no/resultat)



Vinnarane i NM senior.